
Fra: Frøydis Ones
Sendt: 10. november 2016 12:54
Til: 'Jan Helge Gausvik'
Kopi: Ståle Juvik Hauge; Ståle Juvik Hauge; Hogne Haugsdal; Tove Mette Arnø Fyllingen
Emne: SV: Spørsmål etter at fylkesmannen ba kommunen sjå på avslått søknad om å skillja ut tomt på GBNR 22/1 igjen
Vedlegg: Delingssak gbnr 221 Åsgaard - refusjon av sakshandsamingsgebyr knytt til jordlovhandsaminga (L)(212646).pdf

Vi viser til e-postar frå deg, og ber om orsaking for at det har tatt litt tid før du får svar frå oss. Vedlagt følgjer brev som er sendt søkjar av delingssaka, og som vil gje deg informasjon om korleis saka er handtert. Dersom du har spørsmål til dette må du gjerne ta nærare kontakt.

Venleg helsing
Frøydis Ones
Kst. Plan- og utviklingssjef
Planavdelinga
Lindås kommune

Fra: Jan Helge Gausvik [<mailto:gausvik1@hotmail.com>]
Sendt: 6. november 2016 16:22
Til: folkevalgt@lindas.kommune.no; Frøydis Ones; Hogne Haugsdal
Kopi: Ståle Juvik Hauge; Ståle Juvik Hauge
Emne: VS: Spørsmål etter at fylkesmannen ba kommunen sjå på avslått søknad om å skillja ut tomt på GBNR 22/1 igjen

Hei.

No er da 2 månader sidan eg spurte om status på denne søknaden på å skilla ut tomt.

Kva er status i denne saka?

Mvh
Jan Helge Gausvik

Fra: Frøydis Ones <Froydis.Ones@lindas.kommune.no>
Sendt: 8. september 2016 15:21
Til: gausvik1@hotmail.com
Kopi: Tove Mette Arnø Fyllingen
Emne: SV: Spørsmål etter at fylkesmannen ba kommunen sjå på avslått søknad om å skillja ut tomt på GBNR 22/1 igjen

Hei,

Vi viser til e-post frå deg av 7. september. Før Lindås kommune kan svare på e-posten frå deg, ber vi om at du stadfestar om spørsmålet er retta til administrasjonen, eller om du ynskjer eit politisk svar frå kommunen.

Venleg helsing
Frøydis Ones
Kst. plan- og utviklingssjef
Lindås kommune

Fra: Jan Helge Gausvik [<mailto:gausvik1@hotmail.com>]

Sendt: 7. september 2016 11:13

Til: LI-Folkevalde

Emne: Spørsmål etter at fylkesmannen ba kommunen sjå på avslått søknad om å skillja ut tomt på GBNR 22/1 igjen

Hei.

Etter at kommunen av slo søknaden vår på å skilla ut tomt på Åsgard. Har fylkesmannen bedt kommunen sjå på saken igjen.

Eg lure på kva vidare saksgang er og kva konsekvensar detta vil få for søknaden vår?

Svar frå fylkesmannen - henta frå dokument

[16/21732 - Oppheving av vedtak etter jordlova - gbnr 22/1 Åsgard](#)

Det er Fylkesmannen sitt syn at verknaden ved feilen fører til at det vil vere vanskeleg å prøve saka, og vurdere om vedtaket har blitt fatta på riktig grunnlag. Det er i denne saka motstrid mellom det som er grunngevinga for vedtaket, og sjølve vedtaket. På bakgrunn av dette hefter det ein sakshandsamingsfeil ved vedtaket som tilseier at vedtaket kan ha blitt fatta på feilaktig grunnlag. Fylkesmannen er ut i frå dette i tvil om vedtaket faktisk har blitt fatta på riktig grunnlag, som følgje at saka ikkje er grunngeve. På bakgrunn at dette er det difor grunn til å rekne med at feilen kan ha virka bestemmande på vedtaket sitt innhald, jf. fvl § 41.

Fylkesmannen ved landbruksavdelinga er av det syn at det er nødvendig å oppheve vedtaket etter jordlova § 12, då det ikkje er mogeleg å vurdera om vedtaket er fatta på riktig grunnlag knytt til handsaming av klagesaka. Fylkesmannen har på dette grunnlaget kome fram til at den delen av vedtaket som gjeld jordlova § 12 er ugyldig etter fvl § 25 jf. § 41. Vedtaket blir difor oppheva og sendt tilbake til kommunen for ny handsaming, jf. fvl § 34 fjerde ledd.

Fylkesmannen vil påpeike at det i samband med frådelingssaker er nødvendig at det ligg føre samtykke etter både plan- og bygningslova og jordlova, for at tiltaket skal kunne verksettast. Då det ligg føre eit endeleg negativt vedtak etter plan- og bygningslova, bør kommunen vurdere om det vil vere hensiktsmessig å handsame saka på nytt etter jordlova, eller refundere sakshandsamingsgebyret for handsaming etter jordlova til søkaren.

Arkivsaks ID: 15/4123

Delingssak GBNR 22/1 Åsgard - ny grunneigedom

Mvh
Jan Helge Gausvik